

# Bygdenytt



eit informasjonsblad frå Valle kommune  
DESEMBER 2023 t.o.m. 12. JANUAR

1. advent på Setesdalsmuseet  
Fakkeltog frå Hylestad Kyrkje etter ljosmessa  
Joleverkstad 16:30-18:30  
Musikk ved Valle kulturskule  
Servering ved Hylestad Bygdekvinnelag  
Gratis inngang



**Pleie og omsorg inviterar til  
Jolemiddag på Valle Bygdeheim  
klokka 17.00 på Jolaften.**

Påmelding til Solveig 91247155 innan 11  
desember



**Velkomen til Bygdeheimen  
sundag 17. desember 2023 kl. 15.30**

Vi skipar til ei lita førejolsamling på Bygdeheimen.  
Serveringa av rjomegraut, kaffi og kake.

Underhaldning.

MVH Hylestad bygdekvinnelag, Valle  
bygdekvinnelag og Helselaget

## 1.LAUDAG I ADVENT - 2.DESEMBER

Kl. 1300-1630: Aktivitetar i Valle kultursenter.

Open idrettshall, familiebadning, kunstverkstad, dans.

Kl. 1630: Bollar og kakao framom gamle Joker.

Kl. 1700: Samling ved Hasla.

Adventshelsing og tenning av lys på julegrana  
ved Ordførar. Elevinnslag ved Valle kulturskule.

Allsong «Du grønne glitrende tre».

Etterpå går vi i fakkeltog til Valle bygdeheim.

Adventshelsing og tenning av lys på julegrana.

ved sokneprest Toralv Frøysaa Lie.

Allsong «Du grønne glitrende tre».

Sal av faklar kr 50, eller tak gjerne med egne lykter.

Arr. Kultur og fritid og Kyrkja







# Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

## KOMMUNEN INFORMERER

Valle kommune går over til nytt faktureringsystem frå 1. januar neste år og dette får betydning for alle som skal betale kommunale avgifter før jol.

Rekningane vert sendt ut tidlegare enn vanleg med **forfall 13. desember**.

Valle kommunestyre vedtok i sak 31/22, den 27.04.2022 at private og landbrukseigedomar berre skal fakturerast for inntil to røykløp, med verknad frå 01.01.2024.

Feie- og tilsynsavgift for 2023 vert sendt ut i løpet av november. Dei som har fleire enn to røykløp har blitt endra i faktureringsystemet. Dersom det er blitt feil i utsendinga, ber ein dykk om å ta kontakt med Valle kommune v/Gudrun Sagneskar på e-post [gsa@valle.kommune.no](mailto:gsa@valle.kommune.no) ev. tlf. 90 14 70 38.

## OPNINGSTIDER KOMMUNEHUSET I ROMJOLA

I romjola vil opningstida vere onsdag – fredag kl. 10.00 –14.00.

Valle kommune ynskjer alle innbyggjarane ei riktig fredeleg og god jolehøgtid!

## HØYRSEL

Audiograf Caroline Dankworth kjem på kommunebesøk, kjellaren på Valle Bygdeheim Onsdag 13. Desember og 10 Januar

Dette er kun for dei som hev [h.app](https://h.app).

Ring Liv Gunn viki 900 79562 om du treng time



## TEKNISK AVD. INFORMERER

Også i år kan innbyggjarane i Valle hente seg strøsand i bøtter på Øyne.

Me tilbyr i år strøsingel som er utan finstoff og som festar seg godt til underlaget.

Nytt av året er også kor dette er lagra, det er ikkje lenger i det store raude teltet, men ligg lagra under eit halvtak ved verkstaden til Teknisk.

Ved spørsmål ta kontakt med Geir Helge Solheim 41600312 eller Teknisk vakt 97003800.



## Informasjon om vassmålarar

Abonnementen har ansvar for rett avlesing, dette ansvaret gjeld også jamnleg kontroll med forbruk slik at evt. store utslag som fylgje av feilmåling, feilavlesing eller lekkasje kan avdekkast så fort som råd. Lekkasje som skjer innafor vassmålar vert registrert som forbruk på telleverket, og blir belasta abonnenten.

### Kva betyr utette kraner og ventilar?

Når det ikkje vert brukt vatn i huset, skal det ikkje registrerast forbruk på vassmålaren. Dersom ein av dei små visarane på målaren fortsatt beveger seg, er det lekkasje på det interne nettet.

Eit rennande vassklosett vil kunne bety ekstrautgifter på fleire tusen kroner i året, jfr. tabell under. Lekkasje kan også oppstå på andre deler av røyranlegget utan å vere synleg.

Eksempel på vassmengder ved lekkasje:

Installasjon	Ca m3/år*
Dryppande kran ( ca 1 drypp/sek)	9
Rennande kran (ca 2 mm stråle)	45
Hull på røyr (diameter ca 0,5 mm)	175
Lekkasje i WC (ikkje synleg)	100
Lekkasje i WC (synleg)	200
Lekkasje i WC (uroleg overflate)	400

\*m3 = 1000 liter

Ved mistanke om lekkasje på sanitæranlegget bør du kontakte rørleggjar.

## FRIST FOR INNSENDING AV LEVERANDØRFAKTURA OG REFUSJONSKRAV TIL VALLE KOMMUNE

Valle kommune byter økonomisystem frå 01.01.2024. Vi ber om at alle rekningar og refusjonskrav som gjeld 2023 vert sendt så fort som mogleg til kommunen, og seinast **innan 5. januar 2024**. Dette er viktig for å sikre rett handsaming med tanke på budsjett og betaling. Krav sendast som EHF eller til [faktura@valle.kommune.no](mailto:faktura@valle.kommune.no)

## SPEIELT Å MERKE SEG VEDR. FAKTURA FOR DESEMBER 2023-JANUAR 2024

- På grunn av overgang til nytt økonomisystem 01.01.2024, vert det nokre endringar på fakturadatoar og forfall for å kunne handtere overgangen til det nye systemet.
- Faktura på kommunale avgifter for 4.termin vert sendt mellom 20. og 22.november, med forfall seinast **13.desember**.
- Husleige for desember vert fakturera med forfall seinast **15.desember**.
- Husleige for januar vert fakturera 22.januar, med forfall seinast **31.januar**.
- Faktura frå pleie og omsorg som gjeld november vert fakturera innan 1.desember med forfall **15.desember**.
- Faktura frå pleie og omsorg som gjeld desember vert fakturera 22.januar med forfall **31.januar**.
- Faktura for barnehage/SFO som gjeld desember vert fakturera innan 1.desember med forfall **15.desember**.

Faktura for barnehage/SFO som gjeld januar vert fakturera 22.januar med forfall **31.januar**.

Med atterhald om endringar.

Setesdalsmuseet



Jolebasse på museet 12.1  
kl.16.00-18.00



Me feiar jula ut på museet!  
Kom å lag ein jolemaske så er du klar for bassekveld 20. dag jul.  
Me byr på peparkaker og gløgg. Fri inngang.

# INFORMASJON FRÅ SETESDAL BRANNVESEN VEDR. GEBYR FOR FEIING OG TILSYN I BYGNINGAR MED FYRINGSANLEGG SOM VERT BRUKT TIL OPPVARMING.

I 2016 kom det ny nasjonal forskrift der brannvesen i landet vart pålagt å utføre feiing og tilsyn på alle bygningar med fyringsanlegg som vert brukt til oppvarming. Med bygningar meiner ein blant anna bustadar, fritidsbustadar, næringsbygg, støylsbuer m.m. For å gjere det enklare vert bygningane omtalt som bustadar og fritidsbustadar.

I 2016 auka antal fyringsanlegg frå 5.000 skorsteinar til 13.000 skorsteinar. Setesdal Brannvesen har gjennomført feiing og tilsyn med fyringsanlegg i fritidsbustadar sidan 2019, men er endå ikkje i mål med fyrstegongsfeiing/tilsyn på alle nye fyringsanlegg. Pr. d.d. står det att ca. 3.000 fritidsbustadar som endå ikkje har hatt feiing/tilsyn for fyrste gong – Mange av desse ligg utan tilknytning til køyreveg.

Feiing og tilsyn på fyringsanlegg i fritidsbustadar vert fortløpande utført, der ein har prioritert å starte med hytter som ligg i hyttefelt med kort avstand til nabohytter. F.o.m. 2024 vil fritidsbustadar bli prioritert av brannforebyggjarane for å for å komme ajour med førstegongsbesøk.

Ved tilsyn første gong vert det utført ei risikovurdering som fastset ei hyppigheit (behovsprøving) på feiing/tilsyn utifrå: *Bygningstype, røykløpstype, sotmengde, type eldstad, avvik, brannsmitte, sårbare brukarar, avstand til brannstasjon og status.*

## FREKVENS

Det er brannforebyggjarane i brannvesenet som gjer ei risikovurdering og fastset tilsyn/feiefrekvens på dei ulike bygga.

### Frekvens på bustadar:

1-3 års intervall på feiing av bustadar med fastbuande

1-6 års intervall på tilsyn av bustadar med fastbuande

### Frekvens på fritidsbustadar:

1-6 års intervall på tilsyn og feiing av bygningar utan fastbuande

## KOSTNAD

Kostnaden med denne tenesta vert dekt gjennom sjølvkostprinsippet. Eigarkommunane til Setesdal Brannvesen har fakturert eigarar av fritidsbustadar for denne tenesten sidan 2019. For å ivareta sjølvkostprinsippet er alle eigarar med på å dekke felleskostnaden, uavhengig om tenesta har funne stad. Storleiken på årsgebyret er delt opp slik at dette samsvarar med kostnaden på tenesta ein får i løpet av perioden feiing/tilsyn vert utført. Avgifta vert difor krevd inn som ei årleg avgift. Avgiftsplikta er

ikkje knytt opp mot tidspunkt for oppmøte eller fastsatt intervall for feiing eller tilsyn. Avgifta vert krevd inn saman med dei andre kommunale avgiftene for å oppretthalde eit rasjonelt innkrevingsssystem.

Fastsetjing av feie/tilsynsgebyr skjer årleg gjennom gebyrregulativet som vert handsama i årsbudsjettet til kommunen.

**Ein har erfart at det er fleire abonnentar som er kritiske til å betale ei avgift på ei teneste dei ikkje har mottatt eller vurderer som unødvendig. Det vert vist til dom i Møre og Romsdal Tingrett der ein hytteeigar fekk medhold i at ein ikkje kunne kreve gebyr for feiing og tilsyn så lenge tenesta ikkje var mottatt og denne tilgongen var begrensa i lokale gebyrregulativ.**

**Ein viser her til utdrag frå samandrag frå sak i Frostating Lagmannsrett i sak (LF -2023 – 104673:**

*«Lagmannsretten presiserte at kommunen plikter å feie og føre tilsyn ved behov etter en konkret vurdering av hvert enkelt fyringsanlegg uavhengig av hva som er bestemt i den kommunale forskriften. Videre har kommunen etter loven adgang til å kreve samme årlige gebyr fra eierne selv om kommunen har vurdert at noen fyringsanlegg behøver feiing og/eller tilsyn oftere og/eller sjeldnere enn andre. Kommunen har også adgang etter loven til å kreve gebyr fra en eier de årene kommunen ikke gjennomfører feiing og/eller tilsyn hos vedkommende.*

*I dette tilfellet hadde imidlertid kommunen gjennom sin egen forskrift begrenset adgangen til å kreve gebyr i disse tilfellene»*

## **AVGIFTSFRITAK**

Setesdal brannvesen IKS kan ikkje droppe feiing/tilsyn av fyringsanlegg på enkelte byggverk, jf. Brann- og eksplosjonsvernloven, samt forskrift om brannforebygging. For å sleppe gebyr må ein søkje om avgiftsfritak. For å få avgiftsfritak må eitt av følgjande kriterie vere oppfylt:

- Plombering av eldstad. Eldstad vert plombert av brannvesen. (Pårekna timekostnad og km for utført teneste)
- Eldstad vert kopla frå skorstein. Skal dokumenterast i form av bilete
- Bygning ikkje er bebueleg. Skal dokumenterast i form av bilde



**Frist for innsending til Bygdenytt for halve januar og februar er 8. Januar**

**Send til sentral-  
bord@valle.kommune.no**



## Program for Dagsenter desember og begynnelsen av januar

Dagsenteret starter kl. 1030-1400

Onsdag 6. des. Konsert m/ Jazzy sjå eige skriv

Onsdag 13. des. Jolekonsert m/ Kulturskulen sjå eige skriv

**MÅNDAG** 18. des. Joleavslutning m/ jolebingo

Jolekonsert m/ Tore Halvorsen sjå eige skriv

**Dagsenteret starter oppatt onsdag 10. jan 2024**

Treng du skyss? Ring 94504448 mellom kl. 08-09

Dagsenteret ynskjer alle ei riktig god jol og eit godt nyttår!



Valle bygdheim  
måndag 18. des. kl. 13.00

# TORE HALVORSEN

Julekonsert



Dagsenter startar kl. 10.30. Gratis inngang.  
Hjarteleg velkomen til julebingo og juleavslutning!

Arr. Valle kommune

## Seniormessa Tysdag 30 Januar 2024

Her vert det mange stands og foredrag om nyttige ting å vite noko om. Det vil selvsagt også være sal av Setesdalssuppe.

Dette vil du ikkje gå glipp av.

Sett av datoen.

Dørene åpner frå 13, offisiell åpning klokka 16.00. Det vil då også vere foredrag og pauser der du kan gå på stands.


Vi har kommunale tenester på plass, sammen med teknologi og mykje anna.

Klokka 19.30 entrer Freddy Kjenmo scenen om eit tema me alle vil kjenne på i løpet av livet.

Det er historien om sønnen og faren sin vei sammen fra siste-nevnte fikk de første symptomene på aldersdemens, og frem til han kom på sykehjem. Freddy Kjensmo bruker lun humor og kreativitet for å håndtere rollen som pårørende. Foredraget er beskrevet som «levende, ærlig og sårt, men fremført på en måte som gjør det godt å høre på.» Han deler sine egne tips og metoder og beretter om hva som ikke er lurt når man har med en demenssyk å gjøre, hva som fungerer samt at det er lov å le selv i en så alvorlig situasjon.

Velkomen





## KUNSTUTSTILLING HANS-GEORG KOHLER

Kunstneren kommer - Salgsutstilling

**13. DESEMBER** KL.18-20.00

**15. DESEMBER** KL.16-19.00



Craniet 2" , olje/lerret 90x90cm, 2023

**Sted:**

**Nomelandsmone 2,  
4748 Rysstad**

**Kontakt: [kellys@live.no](mailto:kellys@live.no)**

## Alphakurs i Bykle og Valle

Frå januar til april i 2024 arrangerast kurs som går over 11 kveldar og ei helgesamling.  
Meir informasjon kjem.

Meld gjerne frå om du er interessert i å delta.

Toralv Frøysaa Lie, sokneprest – telefon 92628337



## Kva er Alpha?

Det bør vere mogleg for alle å utforske tru, stille spørsmål og dele sine synspunkt.

Alpha er ein plass der du kan utforske den kristne trua. Kvar samling tek opp ulike spørsmål rundt tru og er designa for å skape samtale. Alpha blir drive over heile verda og alle er velkomne. Det går online, i kafeer, kyrkjer, universitet, fengsel, heimar – overalt! Ingen Alpha ser heilt like ut, men generelt har dei tre viktige ting til felles: fellesskap, tema og ein samtale.





# Joli



# Valle sentrum

23. desember frå kl.17.00 - ved Hasla

VI DELER UT GRATISLODD I HEILE DESEMBER SOM  
EIN TAKK FOR AT DE HANDLAR LOKALT!

Velkommen til vesle jolaften i Valle sentrum  
i år blir trekninga ute som før.  
Det blir underhaldning og trekning.  
Nissen kjem med ei overrasking og  
det blir servering av gløgg.

Det blir oppskyting av rakettar ein gong  
mellom kl.18.00-19.00

HOVUDGEVINST ER APPLE IPHONE  
i tillegg til ei mengd gåver frå alle bedriftene

**23. desember Kl.16-17**  
**Rampenisserebus!**

**Finn dei 5 rampenissane i**  
**Valle sentrum og lever svaret**  
**i jolenissens postkasse på**  
**Bratt-løa.**



VELKOMEN TIL EIN  
HYGGELIG JOLEHANDEL I  
VALLE SENTRUM





## 1. Adventshygge på Setesdalsmuseet

- Fakkeltog fra Hylestad Kyrkje ca 16.45
- Snekker Andersenfremsyning
- Leikarringen opptrer
- Servering ved Hylestad Bygdekvinne­lag
- Fri inngang

- I samarbeid med Hylestad Bygdekvinne­lag, Folkeakademiet Valle, Kultur og Fritid Valle kommune

**Setesdalsmuseet**



## **JULEKONSERT**

**MED**

**ELEVAR FRÅ VALLE KULTURSKULE**

**VALLE BYGDEHEIM, DAGSENTER**

**ONSDAG 13. DESEMBER KL. 1100**

Dagsenter startar som vanleg kl. 1030.

Gratis inngang - hjarteleg velkomen!

Arr. Valle kommune





# AKTIVITETSDAG I VALLEHALLI

## LAURDAG 2.DES. KL. 1300-1630

### OPEN IDRETTSHALL

FAMILIEBADING

BULDREVEGG

DANS MED ANNA

KUNSTVERKSTAD MED KRISTIN BROKKE

Enkel kiosk. Arr. Kultur og fritid



## SONG FOR ALLE

Stad: Spelestoga

Tysdag kl. 1100-1200

Velkomen til uformell allsongstund i Spelestoga for vaksne som liker å synge.

Anna Slaby Driel leiar songen og vi syng med den stemmen vi har!

Arr. Kultur og fritid, Valle kulturskule

## Snekker Andersen og jolenissen

3. desember kl. 17.30 på Setesdalsmuseet

Teater Grimsborken ønskjer velkomen til denne klassiske jolefortellinga av Alf Prøysen. Snekker Andersen og jolenissen framføres som musikalsk forteljarteater, og tar store og små med på ein nostalgisk reise innover der, oppover her og bortover slik!

«Det var en gang en far som het Snekker Andersen, og han hadde mange unger slik som farer bruker å ha, og så var det en julekveld at han lista seg ut mens ungene og fru Snekker Andersen satt og knekte nøtter for å spise filipine.»

Eit samarbeide mellom Valle folkeakademi og Valle bibliotek. Inngang kr. 100,- per familie.



## BABYSONG - MUSIKK I BYRJINGA AV LIVET

Nytt tidspunkt: Måndag kl. 1100-1140

Vi ønskjer deg og babyen din velkomne til koseleg musikkstund i Sæbyggjen!

Ved Anna Slaby Driel, tlf. 467 89 532.

Arr. Kultur og fritid, Valle kulturskule





 **FAGFORBUNDET**  
Bykle / Valle

### Årsmøte for 2023

Avholdes på Hylestad Soknehus  
torsdag 25.januar 2024 kl.18.00

Årsmøtesaker etter Fagforbundets vedtekter.

Alle medlemmer kan komme med forslag til saker som behandles av årsmøte. Forslagene må være inne hos styret v/Marianne Hagen innen fredag 12.januar 2024

[marianne.hagen@bykle.kommune.no](mailto:marianne.hagen@bykle.kommune.no)

Påmelding innen 19.januar til Marianne Hagen på tlf.91189077

Matservering etter årsmøte.

Hilsen

Styre i Fagforbundet Bykle og Valle



Oversikt

2023

Folkemusikk i Setesdal

24.nov

20.00 KONSERT: KNUT BUEN OG HÅVARD SVENDSRUD  
SØLVGARDEN

5. des

REINLENDER OG GANGAR MED SÆBYGGJAN/ VEGAR  
VÅRDAL. SOKNEHUSET 19.00

7. des

KVEDARSTUND/ JOLESONGER I SPELESTOGA KL. 19.00

13. des

LEIKARINGEN OPPTRER PÅ BYGDEHEIMEN KL. 11.00 OG  
JOLEKONSERT KL. 1600

29. des

JOLEFEST I SETESDAL SPELEMANNSLAG. SØLVGARDEN KL.  
19.00. PÅMELDING: [POST@SETESDALSPELEMANNSLAG.NO](mailto:POST@SETESDALSPELEMANNSLAG.NO)





VALLE MÅLLAG  
SKIPAR TIL

# Romyjolsmøte

SÆBYGGJEN I VALLE  
SENTRUM

DET BLIR MELLOM ANNA:

JOLEGRAUT

KAFFI OG KAKE

MUSIKALSK INNSLAG

VALLEMÅLSQUIZ

FRAMLEGG AV MASTEROPPGÅVE

OM TALEMÅLSENDRINGAR I

VALLE

28. DESEMBER 2023

KLOKKA 18.00

ALLE ER VELKOMNE!







**29.12.23**  
**JOLEFEST**

I setesdal spelemannslag

**SØLVGARDEN HOTELL**  
**KL. 19.00**

**meny og  
underholdning kjem**



*Setesdal Spelemannslag*

Påmelding til: [post@setesdalspelemannslag](mailto:post@setesdalspelemannslag)

/ 915 75 925

Enten du er åleine eller i ein familie, eller om du er gammal eller ung er **DU Hjarteleg velkomen til god, gammaldags**

**Joletrefest i Broderheimen Bedehus, Flatland**

**4. juledag (torsdag 28. 12) kl. 17:00**

Andakt v/Leif Holthe (NLM)

Tak med 'nyste' –

Me spenderer kaffi & brus & jolekos

og ei lita overrasking

**ALLE** frå heile dalen er hjarteleg velkomne!

Arr: Styret



### Garane grendehus

**28. desember frå kl 16**

Sosial kveld med quiz, spill og håndarbeid, servering av småkaker, kaffi og brus.

Alle er velkomne.



### UKRAINA

Du kan levere klede, sko, dyner, puter, gardiner o.l som blir sendt til ukraina. Bilen kjem for å hente sekkane 17. februar 2024. Eg har lagringsplass på Nomeland bedehus.

Kontakt Astrid Nomeland tlf.91148355 FØR du setter ned sekker så eg kan låse dei inn.

Det er og ønskeleg med kr.50,-pr sekk for støtte til frakt.

Du kan sjølvst og støtte med penge om du ikkje har noe å sende.

Det går til Klippen i Bykle ,som videresender pengane.

Kontonr.2890 11 25289

Vipps.593767

Merk begge med Ukraina

## KYRKJA I DESEMBER

### FAKKELTOG VALLE SENTRUM

Laurdag 02. desember

-sjå felles annonse med arr: Kultur og fritid og Kyrkja

### HYLESTAD KYRKJE

Sundag 3. desember kl 16:00

Lysmesse med årets konfirmantar v/sokneprest Toralv Frøysaa Lie

Organist Knut Olav Uppstad

### KARETREFF I KYRKJESTOGA

Tysdag 12. desember kl 13:00

Ansvareleg: Torleif B Harstad og Bjørgulv T Berg

Kaffe og vafler

### ANDAKT VALLE BYGDEHEIM

Onsdag 13. desember kl 13:00

Vert det andakt m/nattverd v/sokneprest Toralv Frøysaa Lie og prostdiakon Åse Gudrun Thortveit

### VALLE KYRKJE

Torsdag 21. desember kl 08:30

Skule / barnehage gudstjeneste

Sundag 24. desember kl 16:30

Jolegudstjeneste v/sokneprest Toralv Frøysaa Lie organist Knut Olav Uppstad

### HYLESTAD KYRKJE

Måndag 25. desember

Høgtidsgudstjeneste v/sokneprest Toralv Frøysaa Lie

organist Knut Olav Uppstad

**Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.**

**Kyrkjekontoret i Valle, tlf. 48 06 96 94**

**e-post:**

**post@valle.kyrkja.no**

Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA



DEN NORSKE KYRKJA  
Valle og Hylestad sokn

*Meir himmel på jorda*



**MÅNDAG 4. desember**

**Kl. 1700 - Den første julen i  
skomakergata**



**Lengde:** 1t. 35min.  
**Aldersgrense med  
begrunnelse:** Barn.

*Enkelte dramatiske scener kan bli litt voldsomme for enkelte av de aller yngste og gjør at denne filmen får aldersgrense 6 år*  
«Det er første jul etter krigen, og Stine (9) kommer alene med toget til Skomakergata. Her søker hun ly hos Skomaker Andersen, som viser seg å være en gretten surpomp som trives best alene. Møtet mellom de to skal forandre livene deres for alltid. Den Første Julen i Skomakergata forteller historien om hvordan en liten jente på rømmen, får Jens Petrus Andersen til å innse at livet er best når man kan dele det med de man er glad i.»

**Kl. 1900 – Napoleon**



**Lengde:** 2t. 38min.  
**Aldersgrense:** 9 år.

«En ekte og personlig vinkling på Napoleons spede begynnelse, samt hans raske og hensynsløse vei til Keiser, sett gjennom prismet til hans vanedannende og ofte flyktige forhold til sin kone og store kjærlighet, Josephine. Filmen omfavner Napoleons berømte slag, nådeløse ambisjoner og hans overraskende strategiske tankegang som militær leder og krigsvisjonær.»

**MÅNDAG 18. desember**

**Kl. 1700 - Ønske**



**Lengde:** 1t. 32min.  
**Aldersgrense:** 6 år.

«Ønske er et nytt musikalsk eventyr fra Walt Disney Animation Studios. I det magiske kongeriket Rosas bor Asha, en smart og kvikk idealist. Hun har et ønske så stort at det besvares av en stjerne. Sammen drar Asha og Stjerne for å konfrontere den mektige herskeren av Rosas, Kong Magnifico, slik at de kan redde lokalsamfunnet hennes og samtidig vise at vidunderlige ting kan skje dersom modige mennesker slår seg sammen med stjernenes magi.»

**Kl. 1900 - Wonka**

**Lengde:** 1t. 56min.  
**Aldersgrense med begrunnelse:** 6 år.

*Filmen inneholder enkelte scener med truende stemning som kan virke skremmende på de aller yngste.*

Engelsk tale og norsk tekst. «"Wonka", basert på den fantastiske rollefiguren i sentrum av Charlie og sjokoladefabrikken, Roald Dahls mest kjente barnebok - en av de bestselgende barnebøkene gjennom tidene -, forteller den utrolige historien om hvordan verdens beste oppfinner, magiker og sjokolademaker ble den elskede Willy Wonka vi kjenner i dag.»



**MÅNDAG 15.januar**

**Kl. 1700 - Bukkene Bruse på  
badeland**



**Lengde:** 1t. 10min.  
**Aldersgrense:** Barn.

«Gjør deg klar for en helsprø versjon av dette klassiske eventyret basert på de bestselgende bøkene om Bukkene Bruse! Du har sikkert hørt eventyret om de tre Bukkene Bruse som skulle til seters for å gjøre seg fete? I denne helsprø versjonen av eventyret gidder ikke de tre Bukkene å dra til setra nok en gang. Det blir alt for mye styr med trollet. I år skal de på Badeland! Samtidig legger det skrubbsultne Trollet en plan, sammen med sine utspekulerte kråkevenner vil han forsøke å overraske Bukkene med alskens skitne triks. Vil de tre Bukkene til å klare å komme seg til badeland uten å bli spist?»

**Kl. 1900 - Konvoi**

**PREMIERE 25.12.2023**

**Aldersgrense:** 12 år.  
«Konvoi» er inspirert av virkelige hendelser og handler om et av de største dramaene som utspant seg på havet under andre verdenskrig.



**Kjøp gjerne kinobillett på**

[www.bygdekinoen.no](http://www.bygdekinoen.no) .

**Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.**

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!**

**Vi har egen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkommen skal du vere!**

## Kva skjer?

<https://valle.kommune.no/kalender>

2.12 Kl. 13	Aktivitetsdag i Vallehalli
2.12 Kl. 1630	1. laurdag i advent i Valle sentrum
3.12 Kl. 15	Forestilling om Snekker Andersen og jolenissen, Sæbyggjen
3.12 Kl. 1645	1. søndag i advent, Setesdalsmuseet
4.12 Kl. 11	Babysong—musikk i byrjinga av livet
4.12 Kl. 17	 <b>Bygdekinoen</b>
5.12 Kl. 11	Konsert m/Jazzy, Spelestoga
5.12 Kl. 19	Reinlender og gangar med Sæbyggjan/ Vegar Vårdal, Soknehuset
6.12 Kl. 1030	Konsert m/Jazzy, Dagsenteret
7.12 Kl. 19	Kvedarstund/jolesong i spelestoga
8.12 Kl. 19-22	Valle Allidrettsklubb, Vallehalli
11.12 Kl. 11	Babysong—musikk i byrjinga av livet
12.12 Kl. 11	Song for alle, spelestoga
13.12 Kl. 1030	Jolekonsert m/ kulturskulen, Dagsenteret
13.12 Kl. 16	Jolekonsert, Bygdeheimen
13.12 Kl. 18-20	Kunstutstilling, Nomelandsmone 2.
15.12 Kl. 16-19	Kunstutstilling, Nomelandsmone 2.
17.12 Kl. 1530	Førejolssamling på Bygdeheimen
18.12 Kl. 1030	Joleavslutning og konsert med Tore Halvorsen, Dagsenteret
18.12 Kl. 11	Babysong—musikk i byrjinga av livet
18.12 Kl. 17	 <b>Bygdekinoen</b>
19.12 Kl. 11	Song for alle, spelestoga
23.12 Kl. 16-17	Rampenisserebus, Valle sentrum
23.12 Kl. 17	Jol i Valle sentrum

24.12 Kl. 17	Jolemiddag på Valle bygdeheim,
28.12 Kl. 16	Sosial kveld på Garane grendehus
28.12 Kl. 17	Joletrefest i Broderheimen Bedehus
28.12 Kl. 18	Romjolsmøte med Valle mållag, Sæbyggjen
29.12 Kl. 19	Jolefest i Setesdal spelemannslag, Sølvarden
8.01 Kl. 11	Babysong—musikk i byrjinga av livet
9.01 Kl. 11	Song for alle, Spelestoga
10.01 Kl. 1030	Oppstart Dagsenteret
12.01 Kl. 16	Jolebasse på Setesdalsmuseet
15.01 Kl. 17	 <b>Bygdekinoen</b>



### Valle Allidrettsklubb

Siste samling før jol blir fredag 8. desember kl 19.00-22.00 i Vallehalli.

Det blir joleturnering med premiar!  
Gratis jolegraut , pepperkaker og mandariner. Andakt v/ Ingunn.

